



**NGIB**  
**Brannførebyggjande avdeling**  
5914 ISDALSTØ

TELEFON 56 37 50 00  
TELEFAKS 56 37 51 09

Arkiv: 2015  
Saksmappe: 638  
Sakshandsamar: Ann-Therese Strønen  
Dato: 05.05.2015

**Såta Bu og Servicesenter og Kvassnesvegen 14**  
v/Oddveig Husebø og Oddrunn Takvam  
5914 Isdalstø

## TILSYNSRAPPORT

### Såta Bu og Servicesenter

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggjandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt	Type objekt	Objekt id	Gnr/bnr
Såta Bu og Servicesenter	A20	15	
Adresse	Postnummer	Stad	
Kvassnesvegen 14	5914	Isdalstø	
Eigar	Førre tilsyn	Dato gjennomført tilsyn	
	14.01.2014	14.04.2015	

**Før objektet/verksemda møte:**

Brannvernleiar: Oddveig Husebø

Brannvernleiar: Oddrun Takvam

Eigar:

**Frå tilsynsmyndigheit møte:**

Branninspektør: Ann-Therese Strønen

Branninspektør:

**Innleiing**

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

#### TILBAKEMELDING

**Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.**

**Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod**

## Vurdering og merknader til tryggleiken ved Såta Bu og Servicesenter:

### Generelt

Såta bu og servicesenter i Kvassnesvegen 14 ligger inne som eit særskild brannobjekt, men bygget har 2 brannvernleiar med følgjande fordeling:

- Oddveig Husebø er brannvernleiar ved Såta bu og servicesenter – institusjon, samt for heimesjukepleieavdelinga
  - Gunnvor Kvam ved heimesjukepleieavdelinga syteføre brannvakter ved avdelinga når dei oppheld seg i bygget
- Oddrun Takvam er brannvernleiar ved Kvassnesvegen 14 – eining for funksjonshemma

Då bygget er eit brannobjekt har det vore skrevet ein samanstilt rapport for bygget.

Den 14.januar var det føreteke nytt tilsyn ved Såta bu og servicesenter kl. 9 og ved Kvassnesvegen 14 kl. 12:30. Denne rapporten gjeld både Såta bu og servicesenter og Kvassnesvegen 14.

Bygget har eit felles brannalarmanlegg, og tavla er plassert i hovudinngangen til Såta bu og servicesenter. Brannvakter frå dei 3 respektive avdelingane kjem og lesar av tavla ved ein alarm. Dei har fått nøkkelbrikke for å kunne låsa seg inn om det er etter "låsetid". Brannvakt frå Såta bu og servicesenter vil òg ha vakt for heimesjukepleieavdelinga når personell ikkje er tilstade der. Både Såtabu servicesenter og Kvassnesvegen 14 har vakne nattevakter, og vaktordningar er vurdert etter risiko.

Det organisatoriske brannførebyggande arbeidet ved Såtabu servicesenter og Kvassnesvegen 14 fungerer godt. Arbeid med å utbetra avvik i bygget frå 2010, er no satt i gang. Brannvernleiar ved Såta bu og servicesenter fortel og visar at personalet sitt lunsjrom har fått brannmaling, brannrører er merka for at dei skal verta flinkare til å lukke desse dørene, ein B30 dør er satt inn til daglegstue, samt ein dobbeldør i underetasje (denne vil få automatisk lukking). Det står ennå igjen rapporterte manglar frå 2010.

Skansen Consult AS gjorde ein vurdering på 10 bygg for Lindås kommune i 2011. Såta bu og servicesenter var satt som anbefalt 2. prioritet av 10 bygg med nødvendige tiltak. Følgjande anbefaling var gjeven: *Det bør gjennomføres en fullstendig ny gjennomgang hvor deler som ikke er dokumentert tas i og inngår i ett nytt helhetlig konsept. Det anbefales at bygget gjennomgår en brannteknisk friskmelding.* Dette har ikkje vorte gjort.

Andre manglar er brannslangeskap som ikkje har tilfredstillande gjennomføring i branncelleavgrensa vegger, store mengder kablar over himling i rømmingsveg, manglande branntetting/brannisolering av kanalar, og manglande tetting mellom gips og betongskilje.

### Dokumentasjon av bygget

Lindås kommune har vorte purra på manglande dokumentasjon i minst 12 år.

Eigendomsavdelinga ved Lindås kommune må få på plass tilfredsstillande dokumentasjon av bygget. Brannvernet får ikkje kontrollert bygget tilfredsstillande utan dokumentasjon.

### Ettersyn og vedlikehald

Såta bu og servicesenter og Kvassnesvegen 14 har begge rutinar for ettersyn, og driftsavdelinga ved kommunen har ansvar for vedlikehaldet.

### Øving og opplæring

Øving og opplæring vert gjennomført og dokumentert ved Såta bu og servicesenter og Kvassnesvegen 14.

## Instruksar og planar

Instruksar og planer er på plass, men rømmingsplan og oversiktsplan for alarmanlegget er ikkje oppdatert etter mindre ombygging (òg påpeika i førre tilsynsrapport).

Etter stormen Nina har Såta bu og servicesenter meldt inn behov for naudaggregat.

## HMS systemet

HMS systemet fungerer godt.

### DEFINISJONAR

<b>Avvik:</b>	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.
<b>Avvik frå:</b>	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifta og HMS-forskrifta.
<b>Kommentar:</b>	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
<b>Merknad:</b>	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### VARSEL OM PÅLEGG

Avvika som er særskild markert under denne teksten har vore peika på i tidlegare tilsynsrapport, og er ikkje retta etter fleire tilsyn. NGIB Førebyggjande avdeling sender no desse punkta over til Brannsjefen i kommunen, som vil vurdere varsel om pålegg etter "lov om brannvern" §§37-40 samt §42. Desse punkta er:

- Avvik 1 Dokumentasjonen av bygget er ikkje tilfredsstillande**
- Avvik 2 Krava til brannteknisk utforming og utstyr i bygget er ikkje oppfylt**
- Avvik 3 Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande**
- Avvik 4 Branninstruksane/planane er ikkje tilfredsstillande**

#### Avvik 1: Dokumentasjon av bygget er ikkje tilfredsstillande ...

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-1 og § 3-1

**Kommentar:** Det manglar:

- Ferdigattest for omsorgsbustader.
- Føresetnadar for bygget (grunnlaget for byggeløyve/kva bygget er meld brukt som, osv.)
- Oversikt over tekniske brannverntiltak

**Då det ikkje ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon av bygget lyt eigar snarast få dette på plass. Utan slik dokumentasjon kan ikkje brannvernet kontrollere bygget.**

Verksemd/brukar av bygget lyt ha grunnlagsdokumentasjon (brannvernteikning, føresetnad/avgrensing av bruk av bygget osv.) i sitt internkontrollsystem.

#### Avvik 2: Krava til brannteknisk utforming og utstyr i bygget er ikkje oppfylt ...

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-1.

**Kommentar:**

- Branncellebegrensande veggjar er ikkje tilfredsstillande: Dette er eit punkt som NGIB ikkje kan kontrollera utan at det føreligg relevant teikningsgrunnlag.
- Det må takast ein kontroll på alle gjennomføringar i veggjar.
- Det er store mengder kablar i himling over rømmingsveg.
- Ein rømmingsveg førar ut på ein terrasse som det ikkje er mulig å komma seg ifrå.
- Den andre førar ut til ein liten plass bak byggjet, kor det ikkje er muligeiter til å komma vidare i frå. I frå denne plassen er det ikkje mulig å ta seg rundt byggjet.
- Utifrå ”Kulturstova” er det for lite rømmingsvegar.

**Då det er påvist fleire vesentlege avvik ved bygget bør eigar gjennomføre heilskapleg kvalifisert brannteknisk gjennomgang av bygget.**

**Avvik 3: Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande** ...

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-3

**Kommentar:**

Dørar i rømmingsveg har ikkje fungert tilfredsstillande, men vedlikehaldsarbeid/utskifting er satt i gang. Alle dørene må kontrollerast slik at dei vil fungera etter dei gjeldande krav.

**Avvik 4: Branninstruksane/planane er ikkje tilfredsstillande** ...

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 3-1 og § 3-4, HMS-forskrifta § 5, 2. ledd pkt 5 og 6

**Kommentar:** Det manglar:

- Rømmingsplan for omsorgsbustader, stemmer ikkje med merking etter ombygging.
- Oversikt/plan over brannalarmanlegget er ikkje oppdatert etter ombygging.

**KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP** Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

**OPPSUMMERING**

Under tilsynet vart fleire avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukara finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og etablerer/vedlikehald rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til ”Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn”, ([www.dsb.no](http://www.dsb.no))

*Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jf FOBTOT §2-1.*

## TILBAKEMELDING

I samsvar med "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn", § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.


### Tilbakemeldinga skal sendast:

**NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

**Neste tilsyn vert gjennomført i 2016**

Med førebyggjande helsing

**Brannsjef  
i  
Lindås kommune**

  
Karl Johannes Romarheim

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling  
N G I B**

  
Ann-Therese Strønen

